

Nytt liv på gamle tomter

Vestnorsk kulturakademi og Husflidslaget får pris av Den norske kulturminnedagen for programmet sitt på Tvildemoen.

Prisen vert delt ut på Kulturminnedagen neste søndag 12. september og i det høvet vert det open familiedag på akademiet.

– Ein av grunnane til at me vann er at opplegget strekkjer seg lenger enn den eine dagen, seier styremedlem på kulturakademiet, Torild Finsrud Velure.

Ho er òg sekretær i Hordaland Husflidslag.

Bak søknaden til Den norske kulturminnedagen står Vestnorsk kulturakademi og Hordaland Husflidslag i samarbeid med Voss husflidslag, Voss bygdekvinneleg, Finnesloftet, Voss kulturskule, kunsthandverkarane på Magasinet og Noregs Husflidslag.

– Me har i søknaden lagt vekt på dei tre studia som er på akademiet, tekstilkultur, matkultur/reiseliv og byggsikk/bygningsvern, seier Finsrud Velure.

– Me har òg planar om å starta opp med vestnorsk kultur- og tradisjonsformidling, som var det første faget me hadde, seier administrativ koordinator Sigrid Gjelland.

Nytt liv

– Søknadsfristen gjekk ut i ferien, men sidan Husflidslaget feirar 100 år i år, fann me ut at me ville søkja, seier Finsrud Velure.

Dagen vert lagt til Tvildemoen, men i utgangspunktet ville husflidslaget feira dagen i Bergen.

– Same dagen er det Bøndernes marknad, så me fann ut at me ville syna meir att på Tvildemoen.

Akademiet og Hordaland Husflidslag er arrangør for sjølve dagen.

– Det vert open dag, der me mellom anna skal ha ei rammeutstilling innanfor tekstil, seier Gjelland.

Utstillinga syner diverse teknikkar som vert brukte, og Finsrud Velure kjem til å stilla ut filthattar.

– Kåre Herfinndal vil syna fram grindbygg og lafta bygg som er under arbeid.

Voss bygdekvinneleg vil laga blodpannekaker og potetkaker for sal.

– Vevstova og Trebua vil verta opne saman med Magasinet, seier Finsrud Velure.

Det kjem òg forsterkingar frå Folkehøgskulen for å syna fram trearbeid.

Prisutdeling

Amatørkunstnarar syner fram arbeid innanfor oljemåling og akvarell.

– Det vert òg ein del barneaktivitetar, der me lagar til hoppetau på reparbane og mellom anna vert det spikking av knaggar med borna.

– Det vert og matlaging på bål og i sjusteinsomn.

– Me er så heldige at me har fått den nye kultursjefen, Gunnhild Utkvitne, til å opna dagen, seier Finsrud Velure.

Sjølve prisutdelinga skjer òg på denne dagen.

Prisen er på 30.000 kroner og vert høgtidleg delt av kulturminnedagen sin komite.

Kulturskulen på Voss kjem for å ha innslag.

– Dette er eit dugnadsprosjekt som ein gjerne vil jobba vidare med, og prisen gjev ein ekstra motivasjon og glød i dugnadsarbeidet, seier Gjelland.

– 58 arrangement er vurderte av juryen, seier Finsrud Velure.

– Dette gjev ein ekstra PR for akademiet, meiner Gjelland.

Begge to oppmodar vossingar til å koma på dagen og kjøpa seg ein kopp kaffi og noko å bita i.

BRYNHILD STEINE | tekst
DANIEL M. KVARME | foto
redaksjon@avisa-hordaland.no

KULTURMINNEDAG: Sigrid Gjelland (t.v.) og Torill Finsrud Velure gler seg til å syna fram kva Vestnorsk kulturakademi på Tvildemoenhar å by på.



Godt sagt

” Hvis jeg hadde visst at jeg skulle leve så lenge, ville jeg ha tatt bedre vare på meg selv.
Eubie Blake, amerikansk ragtime-pianist

Kino

voss

Toy Story 3

Buzz, Woody og alle dei andre leikene i leikekassen er attende, klare for nye eventyr. Alle dei flotte leikefigurane snakkar norsk. Filmen går søndag. Aldersgrense: 7 år. Familiefilm.

The Karate Kid

Harald Zwart har vorte rosa opp i skyene for sin regijobb på den nye Karate Kid-filmen. Dre Parker må flytta med mora til Beijing, og der kjem han fort i klammeri med Cheng, Kung Fu-meister og den tøf-

aste guten på skulen. Men gamle Mr Han har råd for det meste... Filmen går søndag. Aldersgrense: 11 år, eigna for born og unge.

Varg Veum – Skriften på veggen

Heilt ny Varg Veum-film. Veum har slått seg til ro som lærar og med ny kjærast. Men han får ikkje leva lenge i ro, for kjeltringen «Kniven» slepp ut or fengselet, og han tørstar etter ein ting: hemn over dei som fekk sett han inn for drapet på ei tenåringsjente. Og på lista over dei som skal få smaka hemnen står Varg Veum høgt oppe. Filmen går søndag. Aldersgrense: 15 år.

Sver med ny plate og konsert på Voss



**PLATESLEPP
MÅNDAG:**
Sver

KONSERT: Måndag slepper gruppa «Sver» si nye plate med konsert på Cafe Stasjonen.

Kvintetten er sett saman av Olav Luksengård Mjelva, Anders Hall, Leif Ingar Ranoien, Vidar Berge og Jens Linell.

Gruppa har tradisjonsbasisen

sin frå folkemusikken i Røros-området og namnet «Sver», er eit uttrykk brukt i området om noko stort og flott.

Dette er noko som gruppa vil formidla gjennom musikken sin.

Fleire av medlemmane har gått på Ole Bull Akademiet på Voss.

Ei usømeleg nytelsepakke kallar

gutane i gruppa sitt andre album og feirar både festen, jentene og musikken med albumet «Fruen».

Dei siste åra har bandet turnert på festivalar i Noreg, Sverige, Tyskland og Polen.

BRYNHILD STEINE | tekst
bs@avisa-hordaland.no